

HØYRINGSSVAR

Vegval for framtidig kyrkjeordning

Opplysninger om høringsinstansen:

Navn på menighet/kirkelig fellesråd/organisasjon:

Adresse:

Kontaktperson:

Haram kyrkjelege fellesråd

Årsundvegen 11, 6270 Brattvåg

Kyrkjeverje Jostein Garcia de Presno

Viktige føresetnader

Sidan framtida er vanskeleg å forutsjå, er det også vanskeleg å kunne seie kva som kjem til å skje med kyrkja og samfunnet vår framover. Svara på ein del av spørsmåla i høyringa vil variere sterkt ut i frå korleis ein tenkjer at framtida vert. Derfor har vi valt å ta utgangspunkt i to viktige føresetnader om framtida, når vi har utforma svara våre på høyringsspørsmåla. Desse føresetnadane er:

1. Vi føreset at **finansieringsordninga** for Den norske kyrkja i stor grad vil halde seg uendra framover. Det vil seie at det offentlege tilskotet til kyrkja vil halde fram med å vere delt mellom tilskot frå kommune og stat, slik det er i dag. Vi har tatt omsyn til at statstilskotet sannsynlegvis vil verte gitt som eit samla tilskot til kyrkjemøtet frå 2017. Sjølv om det har vore omsnakka overgang til både medlemsavgift og livssynsavgift, trur vi dette er så langt opp og fram at vi har valt å ikkje ta omsyn til det i denne høyringa.
2. Den varsla **kommunereforma** vil sannsynlegvis føre til større og meir robuste kommunar. Det er sjølvstøtt svært vanskeleg å forutsjå korleis kommunestrukturen vil ende opp, men vi tek som utgangspunkt at det vert større og meir robuste kommunar, som i store delar av landet vil vere på storleik med prostia.

Hovudmodellen

Vi ønskjer oss samla arbeidsgjevaransvar for både prestar og andre kyrkjeleg tilsette på fellesrådsnivå. Vi føreset at framtida sine fellesråd vert større enn dei er i dag, i og med kommunereforma. Vi ønskjer å forenkla kyrkjestrukturen ved å avvikle bispedømeråda, og justere prostigrensene etter dei nye kommune/fellessrådsgransene.

Høringsspørsmålene

1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

- Ja, nokre. Sjå meir utfyllande svar i spørsmåla som kjem.

2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

- Ja. Dagens finansieringsordning med kommunalt tilskot sikrar ei kyrkje som er viktig og til stades lokalt.

3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

- Medlemsavgift Dette vil styrke bandet mellom folket og kyrkja. Innføring av livssynsavgift kan vere imot menneskerettane. Vi vil også påpeike at det kan også vere juridisk problematisk å innføre livssynsavgift/medlemsavgift for Den norske kyrkja i høve til Den norske kyrkja si grunnlovsfesta rolle som «folkekyrkje».

4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

- Ved samanslåing av kommunar, bør prostigrenser justerast (der dette er tenleg og mogleg), slik at det vert samanfallande kommune- og prostigrenser.
- Viss arbeidsgjevaransvaret vert samla på fellestrådsnivå, slik vi gjer framlegg om, vil det vere aktuelt å avvikle bispedømeråda.

5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

- Vi merker oss den prinsipielle debatten om ein kan tenkje seg fleire kyrkjelydar i eitt sokn. I Haram har vi i Brattvåg sokn to kyrkjelydar, Brattvåg og Hildre, og er dermed kjent med at det let seg gjere å ha fleire kyrkjelydar i same sokn. Og Haram og Fjørtoft sokn går frå og med kyrkjevalet inn i ei prøveordning med felles sokneråd.
- Vi meiner ein må vere open for soknesamanslåing, men at ein slik prosess nettopp er ein prosess, og må forankrast lokalt.
- Det er viktig med lokal tilhøyring til kyrkjelydane, og dette må ikkje undervurderast.

6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellestråd) videreføres?

- Ja. Soknerådet er viktig for den lokale tilknytninga. Fellestrådet er viktig for utføring av oppgåver og forankring av arbeidsgjevaransvar.

7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

- Kommunenivå. Dette er naturleg sidan vi føreset at finansieringa i hovudsak vil kome frå kommunane også i framtia. Alle andre organiseringar enn på kommunenivå vil vere svært tungvinne og unødvendig byråkratiske.
- Organets grenser bør dei fleste stadene samanfalle med prostinivå, etter kommunereforma.

8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

- Ja. Det viser seg at det er svært vanskeleg i praksis å gjere eit skilje mellom arbeidsgjevaransvar (fellesrådet) og verksemdansvar (soknerådet), slik det er i dag. Dei stadene der er fleire sokn i fellesrådet, vil ofte dei tilsette arbeide i fleire sokn. Det let seg derfor ofte ikkje gjere for dei tilsette å skulle forhalde seg til ulike mål og planar i dei ulike sokna. I praksis vil det vere slik at det er dei tilsette, ikkje sokneråda, som utarbeidar planar for verksemda. Dette er også svært krevjande for mange sokneråd å makte å gjere, ikkje minst sidan dei ikkje har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette. Ansvar for den kyrkjelege verksemda bør derfor flyttast over til fellesrådet.
- Derimot er det nokre oppåver som i dag høyrer inn under fellesrådet som i stor grad angår soknerådet og som derfor også bør ha ei formell tilknytning til soknerådet. Dette gjeld vedlikehaldet av kyrkjer. Det er få områder som engasjerer eit lokalsamfunn og sokneråd som dette, så dette ansvaret bør ha ei eller anna formell tilknytning til soknerådet, og ikkje liggje hos fellesrådet åleine.

9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

- Ja, her vil vi vise til vurderingane 1A og 2A på s. 50 i høyringsdokumentet til kyrkjerådet: All verksemd i soknet bør inkluderast i styrings- og leiingsansvaret for soknet sine organ. Det bør etablerast ordningar for dagleg leiing som også inkluderer prestetenesta. Dersom prestetenesta vert inkludert i verksemdansvaret til soknet, kan (men ikkje må) presten ha rolla som dagleg leiar for det kyrkjelege arbeidet.

10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

- Vi føreset her at hovudmodellen er eit fellesråd på justert prostinivå, mykje større enn dagens fellesråd. Det skal vere éin leiar med leiarfagleg kompetanse i fellesrådet. Under denne kan det vere underleiarar med kvart sitt fagområde: økonomi, personal, vedlikehald, kyrkjeliv, osv. Her bør prosten vere leiar for kyrkjelivsavdelinga (det kyrkjelege arbeidet, som gudstenester, diakoni, undervisning, osv).

11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?

- Inspirator og motivator for kyrkja
- Tilsyn for prestane og dei andre kyrkjeleg tilsette (alle fagområda), ikkje berre for dei vigsla
- Instillingsrett/delansvar ved kyrkjelege tilsettingar
- Bør ikkje ha arbeidsgjevaransvar

12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

-

13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

- Ved kyrkjerådet

14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?

- Nei. Nokre oppgaver bør overførast til fellesrådet (mellom anna arbeidsgjevaransvar), nokre til fylkesmannen (mellom anna rolla som ankeinstans i gravferdssaker) og nokre til kyrkjerådet.

15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?

-

16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

- Her viser vi til alternativ B, s. 76: Arbeidsgjevaransvaret for alle kyrkjeleg tilsette som arbeidar i soknet vert lagt til fellesrådet. Det føreset at det vert etablert berekraftige storleikar på fellesrådsområde, og at biskopen sin påverknad på tilsetting og leiing av prestetenesta vert sikra i tilstrekkeleg grad.

17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).

- Det er svært viktig med samla leiing, det vil seie samla arbeidsgjevaransvar i fellesrådet.
- Det er viktig med kyrkjefagleg kompetanse hos dei som har leiaransvar for vigsla medarbeidarar, og andre tilsette med kyrkjeleg teneste.

18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

- Dette vil måtte justerast etter storleiken på kommunar, fellesråd og prosti.

19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestetjenesten og andre vigslende tjenester?

- Ved fagleg leiaransvar innanfor felles leiing.
- Viktig med kyrkjefagleg kompetanse hos dei som skal leie.

20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

- Kyrkjemøtet kjem til å få ei ny, viktig rolle med fordeling av statstilskot gjennom budsjettvedtak i framtida. Dette er såpass viktig at det bør få konsekvensar for korleis ein tenkjer samansetjinga av kyrkjemøtet

21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?

- Det bør ha ei anna samansetjing enn i dag. Det bør i hovudsak reflektere folketalet i bispedøma, med ei viss utjamning for små bispedømer.
- Det bør vere direkte val til alle leke representantar, ikkje delvis indirekte som i dag.
- Viss bispedømeråda vert avvikla, kan ikkje kyrkjemøtet lenger setjast saman av bispedømeråda.

22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?

- Nei.

23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

- Nei.

24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

- Nei.

25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

- Lærenemnda bør leggjast ned og oppgåvene overførast til bispemøtet.

26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

- Nei.

27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

- Det er ein inkonsistens i valreglane for nominasjon til bispedømerådet og for oppgåvene til nominasjonskomiteen for bispedømerådet, når det gjeld krav til ungdomsrepresentasjon. Det er ikkje krav til å nominere ungdomsrepresentantar, medan nominasjonskomiteen har krav til å prioritere dei. Å ha ungdomsrepresentantar i kyrkjemøtet bør vere ei målsetjing, ikkje eit krav.

